



"Mannen med ljåen er død". Denne drastiske meldinga er no å finna på det etter kvart berømmelige jordstykket sentralt i Uskedalen (nedanfor krysset mellom riksvegen og Geilo).

Det er ikkje behandla korkje med ljå eller meir moderne utstyr gjennom fleire år og det er tydeleg at irritasjonen stig mellom folk flest.

Men meldinga er ikkje rett – mannen med ljåen i dette tilfellet er ikkje død sjølv om han er etterlyst.

Kjem han i år? Han burde bokstaveleg tala slå til no - andreslåtten er i gang!

